



NOREGS HØGSTERETT

Den 2. september 2016 vart det av Høgsteretts ankeutval med justitiarius Øie og dommarane Utgård og Normann i

HR-2016-01883-U, (sak nr. 2016/1529), straffesak, anke over dom:

A (advokat Arne Sekkelsten)

mot

Den offentlege påtalemakta

gjort slikt

VEDTAK :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettsdom i ei sak om lekamskrenking under særskjerpande omstende, jf. straffelova 1902 § 228, jf. § 232.
- (2) A, fødd 2. mars 1976, vart ved tiltalevedtak 5. august 2015 og tilleggstiltalevedtak 25. september 2015 tiltala etter straffeloven 1902 § 228, jf. § 232.
- (3) Fredrikstad tingrett gav 5. november 2015 dom med slik domsslutning:
 - "1. A, født 02.03.1976, frifinnes for forholdet i tiltalebeslutningen.
 2. A, født 02.03.1976, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 228 første ledd, jf. § 232 til fengsel i 120 – etthundreogtyve – dager. Fullbyrdelsen av 30 – tretti – dager utsettes i medhold av straffeloven §§ 52-54 med en prøvetid på 2 – to – år. Til fradrag i straffen kommer 2 – to – dager for utholdt varetekt.
 3. Saksomkostninger idømmes ikke."
- (4) Påtalemakta anka den frifinnande delen av dommen. Den sikta motanka for det han var domfelt for.
- (5) Borgarting lagmannsretts gjorde 25. januar 2016 vedtak der anken frå påtalemakta var vist til

ankeforhandling. Motanken frå A vart nekta fremja etter straffeprosesslova § 321 andre ledd første punktum. Lagmannsretten gav 17. juni 2016 dom – under dissens – med slik domsslutning:

"A, født 2. mars 1976, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 228 første ledd, jf. § 232 og det forhold som er avgjort ved Fredrikstad tingretts dom 5. november 2015, sammenholdt med straffeloven (1902) § 61 og § 62 første ledd, til fengsel i 6 – seks – måneder.

Til fradrag i straffen kommer 2 – to – dager for utholdt frihetsberøvelse."

- (6) A har anka til Høgsterett over saksbehandlinga og lovbruken under skuldspørsmålet. Det er gjort gjeldande at grunngevinga hos lagmannsretten er mangelfull, mellom anna i spørsmålet om den krenkte sitt truverde, og også når det gjeld spørsmålet om det er utvist forsett. Det er også tvilsamt om fleirtalet har lagt til grunn eit tilstrekkeleg strengt beviskrav. A har sett fram påstand om at dommen blir oppheva.
- (7) *Påtalemakta* har teke til motmæle og har halde fram at domsgrunnane er tilstrekkelege ved at dei gir att hovudpunkta i bevisvurderinga for lagmannsretten, slik lova krev. Det er ingen haldepunkt for at fleirtalet har lagt til grunn feil beviskrav. Anken kan då klart ikkje føre fram og bør nektast fremja.
- (8) *Høgsteretts ankeutval* viser til at den domfelte har ankerett då han vart frifunnen i tingretten for det forholdet anken gjeld, men domfelt i lagmannsretten, jf. straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum.
- (9) Etter utvalet sitt syn har fleirtalet i lagmannsretten gjort tilstrekkeleg greie for dei faktiske omstenda som er lagde til grunn. Såleis heiter det i det avsnittet der fleirtalet omhandlar kvifor det festa lit til forklaringa frå den krenkte – den 14 år gamle sonen til kjærasten til den domfelte:
- "Lagmannsrettens flertall har lagt avgjørende vekt på Bs forklaring i dommeravhøret. Flertallet ser ingen grunn til å betvile Bs forklaring om hovedpunktene i det som skjedde. Selv om B muligens overdriver litt om enkelte andre forhold i avhøret, påvirker dette ikke vurderingen av hans forklaring om voldsepisoden. Bs forklaring om hendelsen har hele tiden vært konsistent. I dommeravhøret gjentar han samme forklaring flere ganger. Det er videre den samme forklaringen som han ga til sin far den kvelden som voldsepisoden skjedde. Tilsvarende har han også forklart til sin mormor. B har over tid fastholdt samme forklaring. Etter flertallets vurdering underbygges hans forklaring også av Bs opptreden etter episoden samme kveld, da han nærmest rømte fra morens hjem og var meget opprørt. At B senere har avholdt seg fra kontakt med sin mor, trekker i samme retning."**
- (10) I lys av den hendingsgangen fleirtalet la til grunn – at den sikta vart sint og dytta den krenkte sitt hovud ned i ei benkeplate og sette olbogen i brystet på han – kan utvalet ikkje sjå at det er ein mangel ved grunngevinga at fleirtalet i lagmannsretten ikkje drøftar nærare om den sikta handla med forsett, men berre uttala at "handlingen taler for seg selv", jf. til samanlikning t.d. Rt. 2007 side 676 avsnitt 20.
- (11) Etter utvalet sitt syn er det ikkje haldepunkt for at fleirtalet la til grunn feil beviskrav. Det var ikkje feil når lagmannsretten uttala om kravet at det hadde "funnet det bevist utover enhver rimelig tvil at A utøvet vold". Utvalet ser på anken på dette punktet som eit angrep på bevisvurderinga under skuldspørsmålet, som utvalet ikkje kan prøve.
- (12) Ankeutvalet finn det etter dette klart at anken ikkje vil føre fram. Verken det avgjerda får å

seie utanfor denne saka eller andre tilhøve gir elles grunn til at anken blir behandla av Høgsterett, jf. straffeprosesslova § 323. Anken blir derfor ikkje tillaten fremja.

- (13) Vedtaket er samrøystes.

SLUTNING :

Anken blir ikkje tillaten fremja.

Karl Arne Utgård
(sign.)

Toril M. Øie
(sign.)

Kristin Normann
(sign.)

Riktig utskrift: